

**BYGGMEISTAR RUNE REVHEIM,  
BRULEITEVEGEN 40,  
5282 LONEVÅG.**

Tlf. 91186782.  
E-post: [sjuratre@online.no](mailto:sjuratre@online.no)

**Inger Marie Rundhovde,  
Hamrenesvegen 40,  
5281 Valestrandsfossen.**

**Mikalsgarveriet. Runhovda gr.nr 135, br.nr. 6.  
Osterøy kommune, Hordaland fylke.**

**Tilstandsrapport.**

**Grunnane.**

Noko av grunnane er mura av stein, noko av betong. Dei kjem 2,5 m over flomålet, kor langt ned i sjøen dei går, veit eg ikkje. Lendet er bratt og kronglete. I bakkant er det skote ut mykje fjell, reknar med at steinen til murane framme mot, og i, sjøen, kjem derfrå. Tilbygget i sørvest har støypte grunnar.

**Kledning.**

Det er nytta både bord og eternitkledning, alt er slite, men toleg bra.

**Dører og vindauge.**

Dørene i gavlen mot sjøen er slitne, men greier oppgåva si, enno.

Dørene elles verkar vera i bra stand.

Garveriet har mange vindauge. Dei eldste har eindel lause ruter og rotne ramer, men mange er godt brukande.

**Taka.**

Heile huset har bylgjeeternit til tak.

På hovudbygget er han forbausande god, på tilbygget i vest er han forvitra og lek. I hjørna mot sjøen har taklekasjen vore i fleire år, der er sperr, rama, standarar og panel rotna. Fleire stader langs ufset ser ein spor etter at taket lek.

Tilbygget treng nytt tak snarast.

**Maskiner og innbu.**

For meg, som ikkje er garvar, ser det ut til at maskinene og utstyret står på plass, der det sist var brukt. I kalkabua ligg barkekara på rekkje og rad og dei store valkene står der. Oppover i bygget står det maskiner alle stader. Det er reint og ryddigt inne.

Revheim 09.10.2017.



Rune Revheim.